



Til Kulturdepartementet

Høringsinnspel til NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014

Generelt.

Vinje kommune ved kultureininga ynskjer med dette å kome med eit høringsinnspel til NOU 2013:4 (Kulturutredningen 2014).

Aller fyrst vil me kyte av det profesjonelle arbeidet som er lagt ned i denne utredninga, som har fagleg tyngde og mange konstruktive moment og tilrådingar. Me synes det er spennande og fornuftig at det blir etablert nye begrep om kulturen, til dømes "den kulturelle grunnmuren", "ytringskultur" og "begivenhetskultur". Me vonar tankane bak desse begrepa vil vera med på å forme kulturlivet dei neste åra.

Som medlem av NOKU (Norsk Kulturforum) ynskjer me å støtte opp under høyringsinnspelet som dei har forfatta. Med eit unntak;

Kulturskulen.

Kulturutredningen foreslår å flytte kulturskulen frå kunnskapsdepartementet til kulturdepartementet, noko me er sterkt ueinig i! Me kan ikkje finne ein annan grunn til dette enn å styrkje kulturlova, men me trur ikkje det vil styrkje kulturskulen.

Kulturskulen er ein skule og ikkje eit fritidstilbod, men ein føresetnad for vidare fritidsaktivitetar. Me er redde for at legitimiteten kulturskulen har som skuleslag vil bli borte dersom den kjem inn under kulturdepartementet, og kulturskulen har allereie brukt mange år på å jobbe seg opp denne statusen den har i dag. Det blir dermed feil å flytte dette ansvarsforholdet over til kulturdepartementet berre for å styrkje kulturlova.

Kulturskulen er som utredninga seier, ein del av den kulturelle grunnmuren, men for kulturskulen sin del strekkjer denne muren seg godt over i Kunnskapsdepartementet.

Det som må til er ein forskrift for kulturskulen som henger saman med opplæringslova §13-6, og som fortel noko om innhald, kvalitet, pris, ventetid, med meir. Me meiner dette er naudsynt for å sikre ein forutsigbar kulturskule med høg kvalitet!

Med helsing

Vinje kommune, kultureininga

v/ Anders Blystad